

Charlie og sjokoladefabrikken

Willy Wonkas fabrikk

Om kvelden gjekk alltid Charlie inn til dei fire besteforeldra sine for å høyre dei fortelje historier før han skulle leggje seg. Besteforeldra var gamle og såg ut som skrukkete svisker i ansiktet. Men dei elska å fortelje for Charlie.

Ein kveld spurde Charlie besteforeldra: – Er det verkeleg sant at Wonkas sjokoladefabrikk er den største i verda?

– Om det er sant? ropte alle fire i kor. Sjølv sagt er det det! Og Willy Wonka er den flinkaste til å lage sjokolade i heile verda! Han er ein trollmann med sjokolade!

Bestefar Joe sa: – Har eg aldri fortalt deg om Willy Wonka og fabrikk hans?

– Nei, aldri, svarte Charlie.

– Då skal eg fortelje deg, sa bestefar Joe, at Willy Wonka har funne opp meir enn *to hundre* nye slag sjokoladar. Han sender sjokoladar til kongar og presidentar i heile verda. Og han har funne opp ein sjokoladeis som kan liggje i mange timar i sola utan å smelte. Og han kan lage karamellar som skifter farge



sinnssjuka:
galne



palass: slott



kvart tiande sekund mens du syg på dei. Han kan lage tyggjegummi som aldri mister smaken.

– Fortel Charlie om Prins Pondicherry, den sinnssjuka indiske prinsen, sa bestemor Josefine.

Høyr etter, sa bestefar Joe.

Willy Wonka og den indiske prinsen

Prins Pondicherry ville at Willy Wonka skulle komme til India og lage eit stort palass av sjokolade. Willy Wonka gjorde det. Palasset hadde hundre rom, og alt var laga av sjokolade. Og når du skrudde på kranane på badet, strøymde det varm sjokolade ut av dei. Willy Wonka sa at prinsen måtte begynne å ete av palasset, elles kom det til å smelte i sola. Men prinsen gjorde ikkje det. Ein dag smelta palasset, og prinsen vakna av at han sumde rundt i ein sjokoladesjø.

– Og eg skal fortelje deg ein ting til, sa bestefar Joe.

– Det kjem aldri ein levande sjel ut derfrå. OG ...

DET ... GÅR ... ALDRI ... NOKON ... INN!

– Ut? Inn? Kvar då? spurde Charlie.

– Fabrikken til Wonka, vel! svarte bestefar Joe.

– Men det må då vere nokon som arbeider der? spurde Charlie.

– Ikkje menneske, svarte bestefar Joe.

– Kven er det då? spurde Charlie.

– Det skal eg fortelje i morgon, svarte bestefar Joe.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 5B side 36.

Gjer oppgåvene 4, 5, 7 og 10.